



Ronald Øyen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/2609 - 15/17970

Saksbehandlar:

Marius Flemmen Knudsen

marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:

30.09.2015

## Løyve til utbetring av sti langs nedre del av Mjåtveitelva.

**Administrativt vedtak. Saknr: 355/2015**

### Saksutgreiing:

Ronald Øyen søker i søknad dagsett 25.09.2015 om løyve til utbetring av stien langs Mjåtveitelvas nedre del. Dei omsøkte tiltaka er planlagt på Gbnr. 23/1 i stien langs elva frå «Ja-brua» og vidare ned mot elvas utløp i Elvavika.

Søkjaren ynskjer å gjennomføra følgjande tiltak:

- Anlegg av ny trapp over ein knaus i stien.
- Sikre/stabilisera ei eksisterande trapp i stien frå å gli ut.
- Leggje nye steinar og rette opp stein som allereie ligg i stien for auka tilkomsten.
- Anlegga klopp i stien ved utløpet, i retning mot Haltejohansvika.

### Vurdering:

Administrasjonen ved skog- og miljøkonsulenten og kulturkonsulenten gjennomførte 15.09.15 synfaring på dei aktuelle områda med søkjar. I ny kommuneplan av 17.06.15 ble det lagt ei vernesone på 30 meter på Mjåtveitelva, 15 meter på kvar side frå midten av elva (*H560\_1 Mjåtveitva*). Vernesona skjermar vassdraget og vegetasjonsona mot alle inngrep, jf. pkt. 4.3.3 planføresegner i kommuneplanens arealdel. Grunnen for vernesona er at Mjåtveitelva har lokalt, regionalt og nasjonalt viktig naturmangfald knytt til vassdraget og vegetasjonen langs vassdraget. Vidare opnar punkt 4.3.3 i planføresegna for at det kan leggjast til rette for ferdsel langs vassdraget i vernesona, men at ei eventuell tilrettelegging skal skje med minimale terrenginngrep.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

På synfaringa gjorde søkjar godt greie for kva tiltak han ynskjer å gjennomføre, samt korleis han planlegg utføre dei. I periodar med nedbør er det på enkelte punkt vanskeleg/utrygt å kome fram i stien langs elva. Samstundes er stien ein viktig og mykje brukt sti i nærområdet og enkelte parti er utan vegetasjon og blir fort opptrakka og gjørmete. Ei ny trapp og sikring av eksisterande trapp vil betre ferdsla langs elva og auka trygginga for turgåarar langs elva. På enkelte parti er det lagt stein på enkelte punkt der det blir fort opptrakka ved nedbør, enkelte av desse bør rettast opp og gjerast meir stabile. Ytterlegare vil utlegging av fleire steinar på enkelte parti letta tilkomsten, samstundes som ein legg mindre press på vegetasjonen. Stien går i dag langs området der elva kjem ut i fjorden. I periodar med mykje nedbør eller høg flo står dette partiet under vatn og er ikkje mogleg å gå over. Søkjar påpeiker i sin søknad at per dags dato har han ikkje midlar til å lage eit klopp som vil mogleggjere at turgåarar kan krysse her sjølv ved høg vasstand.

Administrasjonen vurderer at tiltaka vil vere gode for å gjere enkelte punktvisse utbetringar for å sikre/tryggja ferdsla på ein allereie eksisterande sti langs vassdraget. Stien er også mykje brukt og er viktig for nærområda. Planføresegna legg til grunn at vassdraget og vegetasjonssona langs vassdraget skal skjermast mot nye inngrep, samstundes som det opnar for tilrettelegging for ferdsel. Administrasjonen har vurdert at ei ny trapp, samt sikring/stabilisering av ei eksisterande trapp, vil vere viktige tiltak for å oppretthalde trygg ferdsel på stien. På dei to stadene dette er aktuelt er det i dag ikkje lett å kome fram, særleg ved nedbør. Søkjar ynskjer å rette opp og stabilisera steinar som er lagt i stien på enkelte blaute parti, samt leggje ned stein på enkelte parti. Administrasjonen meiner at det vil vere positivt for vegetasjonen på desse partia om det lagt til rette for ferdsel på desse steinane slik at ein kan unngå mykje tråkk og slitasje på vegetasjon. Når det gjeld å lage klopp på stien mot Haltejohansvika kan ikkje kommunen ta stilling til ein klopp føre det ligg ein meir konkret plan for korleis ein ynskjer å gjennomføre dette. Kommunen ser at det i periodar med høg vasstand ikkje er mogleg å krysse utan ei forbetring av stien. Administrasjonen vil difor be søkjar kome tilbake til dette når ei plan for gjennomføring og finansiering er klar.

Kommunen har vurdert tiltaka etter naturmangfaldslova §§8-12 (jf. § 7). I naturbase er det registert ein raudlista art i vassdraget, elvemusling. Samstundes er det registerert naturtype rik sump- og kildeskog med verdi viktig (B) langs heile nedre del av vassdraget ( jf. § 8). Det er ein sti langs vassdraget i dag, og administrasjonen har vurdert det til at dei konkrete forbetringane ikkje vil medføre ei auka belastning på området (jf. § 10). Utbetringane skal utførast slik at dei medfører minimale terrenginngrep, og at gjennomføringa ikkje medfører skader på naturmangfaldet (jf. § 12). Søkjar har forklart at han ved stabilisering av stein og trapper vil gjere enkle utjamningar og nytta noko grus for å halde stabiliteten. Søkjar er ansvarleg for å dekke kostnadane ved tiltak for å hindre eller avgrensa skade på naturmangfaldet. (jf. § 11). Administrasjonen har etter ei samla vurdering av naturmangfaldslovas §§ 8-12 kome fram til at tiltaket ikkje er i strid med §§ 8-12. Administrasjonen vil understreke at gjennomføringa skal utførast skånsamt og på ein slik måte at det vil vere minimale terrenginngrep.

Administrasjonen vil etter ei samla vurdering gå inn for at søkjar kan gjennomføre omsøkte tiltak som planlagt med unntak av anlegg av klopp. Administrasjonen vil påpeike at gjennomføring av tiltak må skje med grunneigars løyve og i samråd med grunneigar.

## **Vedtak**

«Meland kommune gjev Ronald Øyen løyve til forbetring av sti langs Mjåtveitelvas nedre del. Tiltaka skal gjennomførast som beskrive i søknaden og som vist i terrenget på synfaring. Gjennomføring av tiltaka skal gjerast på ein slik måte at det blir minst moglege terrenginngrep. Det skal berre nyttast materialar som beskrive med stein og grus. I periodar med mykje nedbør bør ein unngå graving eller andre tiltak som kan auke faren for avrenning til elva.

Løyvet gjeld berre ny trapp, stabilisering/sikring av eksisterande trapp og utlegging av stein på blaute parti som vist i kartvedlegg til søknaden.

Søkjjar må ha løyve frå grunneigar før gjennomføring av tiltaka.

Frist for gjennomføring av tiltaka er satt til 01.10.16.  
Meland kommune skal orienterast når tiltaket er gjennomført.

Vedtaket har heimel i kommuneplanens planføresegn pkt. 4.3.3.»

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen  
skog- og miljøkonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**  
Ronald Øyen

